

Forslag til planprogram

Revisjon av kommunedelplan for klima og energi 2018-2024

*Vedteke lagt på høyring i samsvar med
sak 100/2017 i miljø- og næringsutvalet i Skjåk
sak 86/2017 i Lom formannskap
sak 85/2017 i Vågå formannskap*

Vågå, Lom og Skjåk kommunar

Innhald

Innleiing	3
Kvifor klima- og energiplan?.....	3
Tema i planen	5
1. Energiforsyning og energibruk i kommunale bygg.....	5
2. Kommunale innkjøp	5
3. Haldningsskapande arbeid	6
4. Arealbruk og transport	6
5. Klimasmart landbruk	6
Utfordringar.....	6
Klimastatistikk	6
Kostnader	7
Planprosess.....	7
Ansvar.....	7
<i>Prosjektlearar</i>	7
<i>Prosjektansvarleg</i>	7
<i>Prosjekteigar</i>	7
Organisering	7
<i>Politisk styringsgruppe</i>	7
<i>Arbeidsgruppe</i>	7
<i>Referansegruppe</i>	8
Tidsplan	8
Medverknad	8
Økonomi	8

Innleiing

Kommunar og fylkeskommunar skal utarbeide ein klima- og energiplan i tråd med Statleg planretningsline (SPR). Målet med klima- og energiplanlegging er å kartlegge nå-situasjonen og gjennomføre tiltak som gir resultat i form av reduserte klimagassutslepp i kommunane. Regionrådet for Nord-Gudbrandsdalen godkjende i 2008 ein regional plan for klima- og energi. Vågå, Lom og Skjåk kommunar følgde opp den regionale planen ved å utarbeide eigne klima- og energiplanar i 2010/2011. Dette var første generasjons klima- og energiplanar og på enkelte område var det difor fleire spørsmål enn svar. Det har no gått ein del år sidan klima- og energiplanane vart vedteke og Vågå, Lom og Skjåk kommune har vedteke at kommunane skal revidere desse planane jf. kommunale planstrategiar for 2016-2020.

Ettersom dei tre kommunane har relativt like utfordringar, har kommunane gått saman om å utarbeide ein felles klima- og energiplan, men kvar kommune utarbeider sin eigen tiltaksdel som skal innarbeidast i kommunens økonomiplan.

Det har gått nesten eit tiår sidan kommunane starta planarbeidet med gjeldane kommunedelplanar. I løpet av denne tida har kunnskapsgrunnlaget blitt oppdatert og meir omfattande. Regional plan for klima og energi for Oppland 2013-2024 er gjeldande klima- og energiplan på fylkesnivå, og også denne er nokre år gamal. Det har også kome nye føringar, strategiar og mål for klima- og energiplanlegging på internasjonalt, nasjonalt og regionalt nivå. Ettersom dette er eit revisjonsarbeid, vil ein ta utgangspunkt i kommunane sine gjeldane kommunedelplanar for klima- og energi, men ein vil stå fritt til å ta inn nye tema.

Kvifor klima- og energiplan?

Klimaendringane er den største miljøutfordringa som verda står ovanfor i dag. Sidan starten på industrialiseringa har konsentrasjonen av karbondioksid (CO₂), som er den viktigaste klimagassen i atmosfæren auka med 40 %. FNs klimapanel (IPCC) reknar med at mesteparten av den globale oppvarminga dei siste 50 åra er skapt av menneskjer. Regionale og lokale klimaendringar kan bli store, knytt til auka nedbør, auka tørke og meir ekstreme vêrforhold.

Stortinget har nyleg vedteke ny klimalov, *Prop. 77 L (2016-2017) Lov om klimamål* (klimaloven), der målet med loven er å fremje gjennomføring av Norges klimamål som ledd i omstilling til eit samfunn med låge utslepp. Klimamål for 2030 og 2050 skal lovfestast. For 2030 skal målet vere at utslepp av klimagassar skal reduserast med minst 40 % frå referanseåret 1990. For 2050 er målet at Norge skal bli eit lågutsleppssamfunn, slik som det også går fram av Meld . St. 13 (2014-2015).

Kommunane skal gjennom planlegging stimulere og legge til rette for reduksjon av klimagassutslepp, jf. SPR. Dette skal gjerast i ein eigen kommunedelplan eller som ein del av kommuneplanens samfunnsdel og arealdel. Vågå, Lom og Skjåk kommune har vald å gå saman om dette arbeidet ettersom vi stort sett har dei same utfordringane. Kommunane står fritt til å velje tema i planen, men planretningslina gir føringar på kva som bør vere med i ein klima og energiplan.

Statleg planretningsline for klima- og energiplanlegging seier at planen bør innehalde:

- a. *«Informasjon om klimagassutslipp i kommunen fordelt på kilder/sektorer. Alle kilder som innebærer direkte utslipp av klimagasser innanfor kommunens grenser, bør inkluderer.*
- b. *Informasjon om energisystem, energiforsyning og forbruk av energi innan kommunens grenser, herunder tilgang på miljøvennlige energiresurser.*
- c. *Fremskrivning av utslippene i kommunen om det ikke gjennomføres nye tiltak, forventet etterspørsel etter energi og forventet ny energiproduksjon. Fremskrivningsperioden bør være minst ti år.*
- d. *Ambisiøse mål for utslippsreduksjoner.*
- e. *Ambisiøse mål for mer effektiv energibruk og miljøvennlig energiomlegging i kommunal bygningsmasse og i kommunen for øvrig.*
- f. *Tiltak og virkemidler for reduksjon av klimagassutslipp, mer effektiv energibruk og miljøvennlig energiomlegging. Tiltakene/virkemidlene bør i størst mulig grad være koplet til oppnåelse av de målene som er satt av kommunen.*
- g. *Utredning av virkemidler som tenkes benyttet for å nå målsettingene.*
- h. *Handlingsprogram med en tydelig ansvarsfordeling for oppfølging av klima- og energiplanene.*

Kommunen bør vurdere om klima- og energiplanleggingen skal inkludere andre elementer enn dem som fremgår av bokstavene a)–h).»

For å styrke kommunane sitt arbeid med klimatilpassing har Regjeringa bestemt at det skal utarbeidast statlege planretningsliner for klimatilpassing som skal innarbeidast i eksisterande planretningsline for klima- og energiplanlegging. Grunngevinga for dette er i all hovudsak at arbeidet med utslippsreduksjonar og arbeidet med klimatilpassing heng naturleg saman og bør sjåast i samanheng. Samanslåing av dei to retningslinjene inneber ei mindre endring av SPR for klima- og energiplanlegging. Det er i punktlista a)-h) i kapittel 3 føreslege teke inn eit nytt punkt i) om samordna areal- og transportplanlegging. Vidare er det føreslege teke inn eit nytt kap. 4 som omhandlar klimatilpassing som eit sektorovergripande omsyn i all offentleg planlegging, men ikkje nødvendigvis som ein del av kommunens klima- og energiplan.

Tema i planen

Vågå, Lom og Skjåk kommunar vil i utarbeidinga av klima- og energiplan følgje føringane i statleg planretningsline når det gjeld innhald. Ettersom det er vanskeleg å finne egna statistikkmateriale på kommunenivå, og det materialet som er tilgjengeleg er svært grovmaske, er det likevel viktig at hovudfokuset ikkje går til å kartlegge nå-situasjonen. Målet må vere å finne fram til realistiske tiltak lokalt som kan bidra til å redusere klimagassutsleppa.

Planen må gi ein grovmaske oversikt over status og kva for mål kommunen har innanfor utvalde tema. Klima- og energiplanen skal vere eit verktøy til å redusere utsleppa av klimagassar. Kommunane har saman valt ut fem hovudtema der dei to fyrste punkta tek utgangspunkt i kommunen sin eigen organisasjon og drift, da det i fyrste rekke er her kommunen kan gjere dei største tiltaka for å redusere utsleppa i fyrste omgang. Dei andre tiltaka er meir retta mot haldningsskapande arbeid og langsiktig planlegging. Dette er tiltak som ein kanskje ikkje vil sjå effekten av før det har gått nokre år.

Vågå, Lom og Skjåk kommunar har valt følgjande hovudtema ved revisjon av klima- og energiplanane:

1. Energiforsyning og energibruk i kommunale bygg

Alle tre kommunar har i løpet av 2016/2017 fått utarbeidd ENØK- rapportar, kartlegging av kommunal bygningsmasse. Det er stiftelsen VINN som er leigd inn som oppdragsgjevar for å koordinere og utarbeide rapport for prosjektet. Denne rapporten vil vere viktig for å kunne gjennomføre tiltak innanfor kommunal bygningsmasse. Smart bygningsdrift er eit viktig tiltak for energieffektivisering/optimalisering.

Bygningsmateriale som betong og stål er energikrevjande å framstille, og det er utslepp av klimagassar i samband med framstillingsprosess. Bruk av tre som byggemateriale medfører langvarig binding av CO₂ og gjev dermed eit positivt bidrag til klimarekneskapen. Kommunane har som målsetting å velje byggemateriale og teknikkar som gjev minst mogleg klimautslepp ved nybygg.

2. Kommunale innkjøp

Kommunane gjer store innkjøp, og krav som blir stilt ved innkjøp kan derfor bidra til reduserte klimagassutslepp frå kommunal sektor. Dette var eit tema i førre klima- og energiplanar, og det vil også vere eit viktig tema ved revidering av planane. Det er også viktig å ha fokus på kva som er det faktiske behovet før innkjøpet blir gjort. Det å skaffe noko som ikkje dekkjer behovet, kan vere både miljøbelastande og fordyrande ved at produktet anten må kasserast eller det må skaffast ein tilleggsleveranse. Det er også viktig å ha fokus på at riktig mengde vare blir bestilt, og at det blir nytta miljømerka produkt.

3. Haldningsskapande arbeid

Kommunen skal vere ein pådrivar i energi- og klimaspørsmål gjennom aktivt informasjons- og haldningsskapande arbeid. Effektive klimatiltak vil krevje haldningsendringar politisk og administrativt i kommunane, samstundes som den enkelte innbyggjar kan bidra. Informasjons- og haldningsskapande arbeid skal derfor prioriterast høgt i kommunen.

4. Arealbruk og transport

Målet er effektiv arealbruk og miljøvenleg transportsystem som er knytt mest mogleg opp til kollektivknutepunkt. Dette er ei utfordring i kommunar med lite folketal og spreidd busetnad. Det er likevel viktig at det er fokus på dette ved revisjon av kommunanes arealplanar. Tiltrettelegging for miljøvenleg transport, som el-bil og el-sykkel, kan kompensere for store avstandar og spreidd busetnad.

5. Klimasmart landbruk

Landbruket er bærebjelken i kommunane, og det er eit uttalt mål at landbruksproduksjonen skal auke, også produksjon av storfekjøtt. Dette vil gje auka utslepp av metangass. Det at husdyr et, tygg drøv og gjev frå seg klimagassar er ein realitet vi må leve med. Det er likevel mange tiltak som kan gje stor klimagassreduksjon. Til dømes kan tidleg haustetid på fôr redusere metangassutsleppet frå kua med opp til 20 %, og tiltak og strategiar for redusert transportbehov i landbruket kan gje redusert CO₂-utslepp.

Eit aktivt skogbruk er eit tiltak som gjev ein klar klimagevinst. Skogen bitt CO₂ gjennom fotosyntesen og er ei viktig kjelde til fornybar energi og treprodukt som kan erstatte mindre klimavenlege produkt. Det er difor viktig å stimulere til eit aktivt skogbruk og bruke treprodukt der det er mogleg. Spesielt Vågå og Skjåk kommunar har store skogareal, og tiltak for auka bruk av biomasse frå skog kan derfor vere eit viktig bidrag for å løyse klimautfordringane.

Klimatilpassing og klimaplanlegging

Endra klima gjev meir ekstremvær, og kommunen har eit ansvar for å førebygge negative effektar av dette. Gode ROS-analysar for flom, skred, ras, ekstremnedbør/vind mv. er viktig. Kartlegging og vurdering av framtidig arealbruk og tiltak viser seg å vere enda viktigare enn tidlegare. Samordning av statlege planretningslinjer for klimatilpassing i SPR for klima- og energiplanlegging understrekar at klimaplanlegging og klimatilpassing heng i hop. Klimatilpassing er eit omfattande tema, og det blir ikkje lagt opp til at dette skal takast inn i som eit hovudtema ved revisjon av klima- og energiplanen.

Utfordringar

Klimastatistikk

For å få oversikt over nå-situasjonen vil statisk informasjon som er tilgjengeleg bli nytte. Det er mellom anna tall frå Statistisk sentralbyrå (SSB) og Miljøsystemanalyse (misa- rapport) *Beregning av*

klimagassutslipp frå kommunal tjenesteproduksjon. Det er viktig at hovudfokuset ikkje går til å kartlegge nå-situasjonen, men at hovudmålet må vere å finne fram til realistiske tiltak lokalt som kan bidra til å redusere klimagassutslappa.

Kostnader

I ein hardt pressa kommuneøkonomi kan det vere utfordrande å få prioritert klimatiltak opp mot andre kommunale oppgåver. Tiltak som blir foreslått skal så langt det lar seg gjere synleggjerast med kostnader og helst ein kost/nytte vurdering. Finansiering av nye tiltak må vurderast i planen.

Planprosess

Ansvar

Prosjektleder

Plan- og miljørådgjevar i Vågå kommune, Ingunn Moen Helland, plan- og miljørådgjevar i Lom kommune, Sander Sælthun og naturforvaltar i Skjåk kommune, Tor Taraldsrud er prosjektleder. Prosjektleder er ansvarleg for å samanfatte det arbeidet som skal gjennomførast og følgje opp at arbeidsoppgåvene blir utført på ein tilfredsstillande måte innanfor gitte tidsrammer for planprosessen.

Prosjektansvarleg

Rådmannen/administrasjonssjefen i Vågå, Lom og Skjåk er prosjektansvarlege. Dei er ansvarlege for kvalitetssikring mot overordna føringar og kopling mot politiske organ.

Prosjekteigar

Kommunestyret i kvar kommune er prosjekteigar.

Organisering

Politisk styringsgruppe

Politiske utval i kommunane; Miljø- og næringsutvalet i Skjåk kommune, Formannskapet som planutval i Vågå kommune og i Lom kommune.

Arbeidsgruppe

Aktuelle fagpersonar frå kommuneadministrasjonen utgjer ei arbeidsgruppe. Arbeidsgruppa er ansvarleg for å skaffe fram nødvendig informasjon og vere med å diskutere tiltak innanfor sitt arbeidsområde. Aktuelle medlem av arbeidsgruppe, i tillegg til plan- og miljørådgjevaren/naturforvaltaren, er:

- Skogbrukssjef
- Landbrukssjef
- Ingeniør for kommunale bygg og innkjøp
- Næringsjef/næringskoordinator

Ev. føringar ved politisk behandling av planprogrammet skal leggjast til grunn ved samansetting av arbeidsgruppa.

Referansegruppe

Kommunane kan opprette referansegrupper om ein finn det tenleg. Intensjonen med referansegruppe er å involvere aktørar med viktig kompetanse, og forankre planarbeidet i miljø som er viktig for gjennomføring av tiltaksdelen i klima- og energiplan. Dette kan vere personar frå ulike faglag, ungdomsråd, råd for eldre og funksjonshemma og representantar frå næringslivet.

Tidsplan

Følgjande tidsplan er sett for planprosessen i arbeidet med klima- og energiplan

Oppgåver	2. halvår 2017	1. halvår 2018	2. halvår 2018	1. halvår 2019
Utarbeide forslag til planprogram				
Politisk behandling av forslag til planprogram og varsel om oppstart av planarbeid				
Høring forslag til planprogram				
Ev. justering av planprogram				
Vedtak planprogram				
Analyser og utredning				
Arbeidsmøter				
Utarbeide planforslag med tiltaksdel				
Politisk behandling av planforslag				
Høring av planforslag				
Justering av planforslag				
Politisk vedtak				

Medverknad

Det vil bli lagt opp til ein brei og open medverknadsprosess. Kommunen si heimeside og Facebook vil vere ein sentral informasjons- og medverknadskanal. Plan- og bygningslova sine krav om medverknad vil bli lagt til grunn for arbeidet med planen. Kommunane har eit spesielt ansvar for å sikre medverknad for grupper som krev spesiell tilrettelegging, til dømes ved at desse gruppene er representerte i referansegruppa.

Økonomi

Arbeidet med klima- og energiplan vil bli gjennomført av kommunane sine egne fagpersonar.

Dei konkrete tiltaka for perioden 2018-2021 blir fastsett i klima- og energiplanen. Intensjonen er at det årleg skal utarbeidast ein eigen tiltaksdel for kvar av kommunane som blir innarbeidd i kommunens økonomiplan.